

Referat frå medlemsmøte i Time Pensjonistforening 10.mai 2023.05.10

Denne gonge vart møte halde på Hotell Jæren.

Leiar Miguel Stangeland kunne ønskja vel møtt til 113 frammøtte. Etter velkomst song me Alle fugler.

Sekretæren las opp referatet frå siste medlemsmøte.

Deretter ønskte leiar velkommen til hovudattraksjon Torvald Ree.

Han fortalde om Bryne og Brynegarden. Når det gjeld utviklinga av Bryne byen, er mykje av dette kjent frå før, både frå årbøker og boka av Kjell Olav Stangeland. Sidan Torvald hadde mykje interessant om Brynegarden, er det det eg vil ta mest med av i referatet.

Det er på sin plass å ta med noko om namnet Bryne. Det kjem av kant –egg.

Brynegarden ligg på ei høgd som er avgrensa av ei en kant mot det lågare lendet nedanfor. Gardsnamnet har hatt fleire skrivemåtar, mellom anna Brun. Først på 1600 talet vart namnet skriva med y, Bryne.

Det som no er Brynebyen fekk i si tid namnet etter garden Bryne.

Den noverande Brynebyen ligg på det som var tre gardar. Bryne, Rosseland og Ree. Mykje av sentrum ligg innanfor Brynegarden.

Det at jernbanen vart lagd slik den gjorde, er grunnen til at Brynebyen fekk utvikla seg til det den er i dag, og ikkje minst at stasjonen vart lagd der den no ligg. Likevel gjekk utviklinga av Brynebyen tregt dei første åra. Då banen vart opna i 1878, var det berre 2 bygningar utanom stasjonsbygget. Det var Saron og Betuel Herigstad si krambu.

Først då Jæderen Uldvarefabrikk kom i 1895 og Jæderen Meieri i 1998, vart det meir fart i utviklinga. I 1902 hadde Bryne 500 innbyggjarar. Då var Bryne større enn både Klepp og Nærbø.

Brynegarden med Grn.1, Brn.1 og mjølkespann 1 er gammal. Det var busettingar der så tidleg som år 500 etter k.f. Det var på den tida tre

busettingar i området. Interessant er det, at på det området i Sandtange som Bryne Vel har overteke, har det ein gong vore ein gravplass.

Etter kvart vart busettingane samla til et klyngetun som låg ved Ørnahaugen.

Den første eigaren i Torvald si slekt var Jon Svenson. Han overtok garden i 1838. Hans son, Sven Johnsen Bryne, overtok i 1864. Sven var ein mektig mann. Han var med i Heradstyret i Time, og stod m. a. for bygginga av det første skulehuset på Bryne som var ferdig i 1884. Dette huset var mykje for stort meinte heradstyret. Etter det vart Sven kasta ut av alle styreverv. Det kan nemnast at han hadde 19 barn med to koner.

Den neste eigaren var Torvald Bryne 1890-1962. Han var og ein mektig mann. Han var nok litt for snill og garanterte for mange. Resultatet vart konkurs. I 1920 var både Brn.1 og Brn2. utlyste som konkursbu. Ein annan kjend brynemann, Kristoffer Sandve, kjøpte garden, men klarte ikkje betala. Garden vart utlyst på nytt, og kona til Torvald klarte samla midlar til å kjøpa garden tilbake.

Den siste som dreiv garden var Sven Bryne. Han overtok på 60 talet og dreiv eit mønsterbruk.

Gardsdrifta vart lagt ned ca. 2000.

På ein måte kan ein seia at ringen er slutta. Store deler av Brynegarden utgjer Bryne sentrum. Ny ungdomsskule er bygd på garden, og no kjem det eit stort bustadfelt som avsluttar det heile.

Etter eit veldig interessant foredrag med mykje informasjon vart Torvald takka av leiar. Torvald fekk velfortent blommar som takk.

Leiar hadde så informasjon frå Forbundet.

Han sa at 3 av 4 planlegg sin eigen alderdom. Ei undersøking viser at 74% av dei spurde har lagt planar for korleis dei skal få ein god alderdom, til dømes har dei tenkt gjennom korleis dei skal få ein trygg økonomi, halda seg fysisk aktive og kva type bustad dei vil bu i.

FHI og helsemyndighetene har fem råd til oss om korleis me skal vera lukkelege.

1. Sosial kontakt.

2. Ver meir aktiv
3. Ver merksam og til stades i augeblikket
4. Fortsett med å læra.
5. Gje av deg sjølv.

Så var det tid for mat. Det vart sunge, I Jesu namn går vi til bords.

Hotellet varta opp med Biff a la Lindstrøm. Den smakte herleg. Deretter Dessert Panna Cotta og kaffi.

Etter maten song me Å vesle lerka.

Deretter loddtrekning. 25 flotte gevinstar vart lodda ut.

Kari Ree gav oss som vanleg glimrande tonefølgje til songane. Takk skal du ha Kari.

Solbjørg orienterte om at det er 4 ledige plasser til turen.

Til slutt oppmoda leiar alle som kan om å gå i folketoget 17.mai. Han vil gå om så aleine. Han takka så alle som hadde møtt og ønskte vel heim.

Takk til alle som deltok med åresal og trekning.

Neste møte vert den 9. august på Sivdammen. Oddvar Bilstad vil då snakka om Bakken Gård i 5 generasjonar.

Referent

Jens Malvin Nesse